

◆◆ Det eine augneblink blir ei ny heimeside synt fram. Like etterpå kjem Jo Gjende på vitjing. Det meste kan skje når Heidal Historielag er samla til årsmøte.



Styret i Heidal historielag. Frå venstre Sverre Nybø, Ståle Rønningen, Jon Sverre Svindland, Guri Brobakken og Pål Prestgard.



Marit Rusten underheldt med felespel.

Jo Gjende på vitjing



Guri Brobakken viser Jakob Eide, her som Jo Gjende, skoene som Jo skal ha brukt som liten.

Av Solrun S. Snilsberg

Heidal Historielag såg dagens lys i august 2005. No har laget 28 medlemmar. Heidal historielag har mellom anna som føremål å fremme interessa for lokalhistorie og kulturvern. Under årsmøtet førre veke kom den historiske personen Jo Gjende attende på vitjing for å fortelje litt om seg sjølv og synet på korleis fjellivet hadde utvikla seg sidan han rusla rundt i Sjødals- og Gjendetraktene og jakta på rein. Jakob Eide på Sjoa stod for denne framføringa. Guri Brobakken hadde med seg dei første barneskoa til Jo slik at han kunne få sjå dei att. Ho hadde og med seg fleire luer han skal ha nytta som liten. Som musikalsk følgje fekk Jo

med seg Marit Rusten på fele. Ho underheldt forsamlinga med springleik, vals, reinlender og bruremarsj.

Ny heimeside

Historielaget har nyleg fått laga si eiga heimeside. Det er ein av medlemmane i historielaget, Arne Jan Randen, som har stått for dette arbeidet. Heimesida vart framsynt på stor-skjerm under årsmøtet.

- Eg har laga heimesider til eige bruk for å dele bilete med familie i Amerika. Å lage ei side er ikkje så vanskeleg som ein skulle tru. Det som er litt komisk, er at da eg gjekk i gang med denne sida, søkte eg på Heidal historielag for å sjå om domenet var ledig. Eg hadde

ikkje rekna med at det finst mange som kallar seg Heidal historielag rundt omkring. Men faktisk fekk eg opp eit treff på domenet i Sverige. Men seinare fann eg det aldri att, sa Randen.

På heimesida finst mellom anna oversikter over kva laget driv med, litt om arkeologi, historier om ulike heidøler og eit stort galleri av gamle bilete.


Aktive

I løpet av 2007 arrangerte historielaget fleire utflukter. Mellom anna hadde dei tur til fangstanlegget på Kviknegråhø, til Øykjeholet i Nedre Heidal, til bygdeborga/fangstanlegget på Kleivom, til Bjølstadmo for å sjå på ymse fornminner og til Vågå for å sjå på langhustuffer

frå folkevandringstida. Personar frå styret har teke del i arbeidet med bureisarsenteret på Murudalen, og vore med på møter om Trykju mølle og Heidal kommunehus.

Laget har ei arkeologigruppe som har gjennomført ein del kveldsvandringar på forskjellige stader. Historielaget har ei eiga intervjugruppe, og har starta med eit prosjekt for å samle bureiserhistoria i Heidal. Det er, ifølgje styret i laget, 64 stader i bygda som registrert som bureisingsbruk.

I styret for laget sit Pål Prestgard som nestleiar, Ståle Rønningen som kasserar, Jon Sverre Svindland som sekretær og Guri Brobakken og Sverre Nybø som styremedlemmer.



Arne Jan Randen har laga heimeside for historielaget.